



Det vart braksiger for Rosendal på Rosendal Stadion laurdag. (Foto: Are Ulseth)

Fire uskedelinger var med på laget då tabell-leiar Rosendal laurdag utklassa Åsane med 12-1 på Rosendal Stadion

Dei var Anita Simensen, Reidun Musland, Ida Røsland og Elin Myklebust.

Innsida.no skriv at kampen var langt jamnare i spel enn målsifra visar. Men god utteljing, naiv taktikk frå bortelaget og eit gjennombrotsfokusert heimelag gjorde dette til ein lite spanande kamp. Åtte av Rosendal sine mål kom på gjennomløp.

Hildegunn Guddal saman med Reidun Musland avgjorde meir eller mindre kampen åleine. Guddal scora fire gonger den første timen. Seinare tegna sju andre seg på scoringslista. Linn Tveiten var ein av dei. Ho spela sin siste kamp for Rosendal fordi ho skal over i det komande toppserielaget Sandviken.

Ida Røsland (16 på kampdagen) var attende etter skade, viste solid stopparspel og scora eitt mål.

Rosendal reiser neste helg til Bergen og toppoppgjer mot Varegg/Sandviken.